

Spørsmål til fylkesutvalet, 19.oktober 2022

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 17.oktober, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Om direktebussar til Haukeland
2.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Om oppfølgingstenesta
3.	Knut Inge Andersen (FP)	Om branntrykkeleik i landbruket
4.	Sigbjørn Framnes (Frp)	Om anmelding av knuste buskur

1. Silja Ekeland Bjørkly (H); om direktebussar til Haukeland

I forbindelse med at bybanen har oppstart til Fyllingsdalen har Skyss gjort en del endringer i rutetilbudet. Blant annet har man tatt bort direkterutene fra Askøy og Øygarden til Haukeland. Dette medfører en vesentlig økning i reisetid for de som benytter seg av denne ruten i dag. Rutene rapporteres å være stort sett fulle, og benyttes av helsepersonell som jobber på Haukeland, Haraldsplass og odontologen.

1. Hva er årsaken til at man tar bort disse rutene?
2. Har man vurdert avvisningseffekten av å ta bort disse rutene og erstatte de med et tilbud som tar vesentlig lenger tid?
3. Hva skal til for at man velger å likevel ikke ta bort direkterutene fra Askøy og Øygarden?

Svar frå fylkesdirektøren

Hva er årsaken til at man tar bort disse rutene?

Når bybanen til Fyllingsdalen opnar får Bergen eit heilt nytt kollektivtilbod til Haukeland sjukehus. Hovudlinjene for buss forbi Haukeland (linje 5, 6 etc.) vil også halde fram som normalt. Samla sett gir dette eit svært godt kollektivtilbod til sjukehuset frå dei viktigaste knutepunkta i Bergen, som Bergen sentrum og Bergen busstasjon.

Årsaken til at vi no legg ned direktebussane til sjukehuset frå Sotra og Askøy handlar om at vi har gode reisealternativ vidare frå Bergen sentrum og Bergen busstasjon, som er dit hovudbusstilbodet frå Askøy og Øygarden går til. Dette er gunstig for å utnytte investeringane i bybanen på ein god måte og for å tilby god frekvens på hovudlinjene frå Askøy/Øygarden.

Har man vurdert avvisningseffekten av å ta bort disse rutene og erstatte de med et tilbud som tar vesentlig lenger tid?

Når ein del reisande no må byte på ei reise der ein tidlegare reiste direkte, vil det naturleg nok innebere noko ventetid. Med hyppige avgangar på buss og bybane i Bergen sentrum vil ventetida likevel vere kort.

Framkomsten til Haukeland sjukehus med buss kan vere utfordrande delar av døgeret. Bybanen vil på sin side vere mindre påverka av trafikale utfordringar og gi ei føreseieleg reise til og frå sjukehuset. Vi veit også at mange pendlarar i Øygarden og Askøy kommune (som jobbar på sjukehuset) bur utanfor kommunesentra som Klepppestø og Straume, og dermed har eit byte her til linje 403 i dag. Desse vil no kunne reise med våre hovudlinjer frå lokalsentra som Skogsskiftet, Ågotnes, Ravnanger m.fl. inn til Bergen for å heller byte her, og får altså ikkje fleire byter enn i dag.

Vi har for tida utfordringar med å få reiseplanleggaren til Skysst til å vise alle reisealternativ, og for nokre reiser vil det gi eit feil inntrykk av dei faktiske reisealternativa. Dette vil betre seg i tida som kjem.

Hva skal til for at man velger å likevel ikke ta bort direkterutene fra Askøy og Øygarden?»

Det blir gode reisealternativ til Haukeland sjukehus etter opning av bybanelinja. Mange vil reise på ein annan måte. Eit nytt reisemønster treng tid til å sette seg, og vi vil som alltid følge situasjonen nøye etter opninga. Det vil vere naturleg å gjere ei evaluering av omlegginga etter ei tid for å vurdere korleis dette fungerer for våre reisande. Skysst har god kontakt med Helse Bergen og vil nytte alle våre kanalar for å innhente kunnskap om korleis rutetilbodet vert nytta.

2. Silja Ekeland Bjørkly (H); om vestlandslegen

I fylkestinget 290922 vedtok fylkestinget en uttale knyttet til vestlandslegen. Dette er en viktig uttale som viser hvordan vi på en god måte kan sikre rekruttering til legeyrket her vest. I forslaget til statsbudsjett kom nyheten om at regjeringen kutter de planlagt nye LIS1-stillingene som kreves for å kunne arbeide som lege. Svært mange ferdig utdannede studenter står nå i kø og venter på å få slike stillinger. Gjennom å øke antallet LIS1-stillinger vil man sikre flere leger, og på den måten kan vi motvirke f.eks fastlegekrisen. Det hjelper lite å øke antallet studieplasser i Førde dersom det ikke finnes stillinger ved Førde sjukehus som venter ved endt utdanning.

På hvilken måte vil fylkesordføreren følge opp uttalen om vestlandslegen i lys av regjeringens beslutning om å ikke øke antallet LIS1-stillinger?

Svar frå fylkesordføraren

Ein av Vestland fylkeskommune sine viktigaste oppgåver, er å arbeide målretta for at innbyggjarane skal ha like gode føresetnader for å leva liva sine, uavhengig av kvar i fylket dei skulle bu. Tilgang til gode helsetenester er ein kritisk faktor for å kunne ha eit levande lokalsamfunn for alle aldersgrupper, og fastlegen er det fremste dømet på dette. Uttalen til fylkestinget er heilt klar på verdien av å kunne ha same fastlege over tid, og me kjenner alle til den utfordrande situasjonen mange lokalsamfunn i fylket vårt står i når det gjeld å rekruttere fastlegar. "Vestlandslegen" har gode føresetnader for å kunne snu denne utviklinga, og om ein lukkast vil samfunnet sleppe store utgifter knytt til krisetiltak og behandling av helseproblem som kan førebyggjast.

Fylkesordførar deler uroa til spørsmålstillar over at fylkestinget sitt einstemmige vedtak i saka ikkje er lytta til, og at forslaget til statsbudsjett ikkje har funne midlar til at ein kan starte opp i 2023. Eg har også hatt fleire samtalar på politisk nivå i Kunnskapsdepartementet gjennom våren og hausten i saka. Me vann ein viktig siger i at ordninga om at det er eitt universitet pr helseregion, som har medisinarutdanninga. Men, det er altså ikkje gitt auka midlar i budsjettet. Fylkesordførar vil difor følgje opp saka vidare med helsestyresmaktene, og arbeide for at det vert avsett midlar til dette viktige tiltaket.

3. Knut Inge Andersen (FP); om branntryggleik i landbruket

Førre fredag (7.oktober 2022) var det ein svært alvorleg brann i ein fjøsbygning på Byrkjelo. Årsaka til brannen er ikkje klarlagt.

I utkastet til Temaplan for landbruk som ligg ute med høyringsfrist i dag (14.oktober) er branntrygging ikkje teke opp.

Spørsmål til fylkesordføreren:

1. Har Vestland fylkeskommune i dag ei formell rolle i branntrygging (til dømes branntilsyn, kompetansefremjande tiltak, budsjettmidlar) i landbruket ?
2. Korleis ser fylkesordføreren for seg at Vestland fylkeskommune, til dømes i den kommande temaplanen og saman med landbruket sine organisasjonar, kan vere med å setje dagsorden for dette viktige arbeidet?

Svar frå fylkesordføraren

1. Vestland fylkeskommune har ikkje ei formell rolle i brannførebygging i landbruket.
2. Brannførebygging i landbruket er eit viktig arbeid som det blir det jobba mykje med. Ein viktig aktør er Landbrukets brannvernkomite. Gjennom komiteen samarbeider sentrale aktørar innan landbruksnæringa, mellom anna begge faglaga i landbruket, brann- og bygningsmyndigheitene og forsikringsnæringa. Komiteen arbeider for å førebygge og begrense omfanget av brennar i landbruket.

I utviklingsplan for Vestland 2020-2024 står det at temaplanar kan utarbeidast for fagfelt der fylkeskommunen som tenesteprodusent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Andre har sett dagsorden og har arbeidd godt med brannførebygging i landbruket i lang tid. Fylkeskommunen ikkje har ei naturleg rolle i dette arbeidet. Brannførebygging er difor ikkje tema i Temaplan for landbruk.

4. Sigbjørn Framnes (Frp); om anmelding av knuste busskur

Jeg viser til at det over lengre tid har vært en rekke oppslag i lokalavisen Åsane Tidene om at det knuses busskur i Åsane bydel. I følge tall Vegvesenet har gitt til Åsane Tidene koster hver glassplate i busskurene cirka 10.000 kroner. Dette er penger som kunne vært brukt til mer samfunnsnyttige formål enn å reparere knuste ruter. Det fremkommer ikke i oppslagene fra Åsane Tidene om Skyss som eier av busskurene har valgt å gå til anmeldelse av skadeverket. Jeg mener det er viktig å gi politiet mulighet til å kartlegge omfanget gjennom anmeldelser og lurer på om Skyss har planer om at det i fremtiden skal leveres anmeldelser når busskur ødelegges? Jeg viser til at det også kan ha en preventiv effekt dersom Skyss går ut i media med nyheten om at de fremover vil anmelde skadeverk som knuste busskur til politiet.

Svar frå fylkesdirektøren

Det er rett at det er store kostnader med knuste ruter i leskur. Vedlikeholds-, drifts- og beredskapsseksjonen (VDB) i avdeling for infrastruktur og veg har ansvaret for leskur langs fylkesveg. Leskur som står på opphøgd areal og er definert som terminal har ikkje infrastruktur og ved ansvaret for. Ansvaret for desse leskura ligg til VLFK eigedom.

Skade på busskur i Bergen og dei bynære områda påfører fylkeskommunen mellom 1 og 1,5 mill. kr i ekstra utgifter til utskifting av glas og opprydding rundt busskura. Når ei rute vert knust vil glasbitar spreie seg ut i terrenget. Massane må skiftast ut for å unngå skade på folk og dyr.

Dersom ei rute i bakkant av eit leskur blir knust, blir den byta med stålplate. Vindauge mot køyreretning kan ikkje vere av stål på grunn av innsyn til skur frå buss. Desse er framleis i glas.

Som regel skjer slikt hærverk utan at vi får vite kven som er skadevaldar. I dei tilfella der politiet har informasjon om kven som er skadevaldar har vi ein dialog med politiet. Er det ein kjent skadevaldar vil saka bli meldt til politiet. Er skadevaldaren under 18 år og ikkje kjent for politiet frå før, vert politiet oppmoda om å gå i dialog med foreldra. Saka vil i slike tilfelle ikkje bli meldt til politiet.

Skade på leskur som følgje av trafikkuhell med køyretøy blir handtert gjennom Trafikkskadeforeininga (TFF), som behandlar skader påført av ukjente, og utanlandske køyretøy og køyretøy som ikkje forsikra. Er registreringsnummeret kjent blir det handtert gjennom forsikringsselskapet til køyretøyet.

Det er også store skadar på busskur ved tagging som blir ripa inn i glaset. I desse tilfella er det ikkje mogleg å fjerne ripene og ruta må skiftast

Det er planlagt forsøk med skotsikre glas på busskur som skal etablerast ved Paradis for å sjå om dette kan løyse noko av problemet.